



Bernt Ole Fiskeseth
Fiskeset 34
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/801 - 17/27396

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
26.09.2017

Tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket gbnr 161/1 Fiskeset.

Dokument:

Søknad om tilskot motteke 09.03.2017. Kart, bilder og kostnadsoverslag ligg ved.

Søknaden:

Det vert søkt om tilskot til inngjerding av gammalt kulturbeite.
Ein vil sette opp 1000 meter gjerde og då vert 140da gammalt beite teke i bruk på nytt.
Garden er i drift med 50 vinterfora sau av gammalnorsk spæl.
Tiltaket er kostnadsrekna til kr.114000,- og det er søkt om kr.49000,- i tilskot.

Vurdering:

Tiltaket er for ein stor del på to eigedommar – 161/1 og 161/4. Gardskartet syner at på begge eigedommane er ein del skogsmark av særst høg og høg bonitet teke inn i området som skal rustast opp. Denne skogsmarka har ikkje tidlegare vore nytta til beite. Målt på kartet vert skogsareala samla om lag 32da.

Elles er området fint innmarksbeite med noko tidlegare slåttemark i mellom.

Eit område på 161/25 må haldast utanom tiltaket då dette er skogsmark som ikkje fell inn underføremålet gamal kulturmark.

Dei avgrensingane som er synt over gir ei gjerdelinje på 800meter. Areal som skal ryddast vert det same.

Godkjend kostnad for å sette opp gjerde er kr.80,- pr.meter. Dette er for materiell og arbeid.

For rydding vert kostnadsoverslag gjort av søker godkjend kr.2500 pr.da.

Samla kostnad som kan godkjennast vert etter dette kr.64000,- + kr.10000,- = kr.74000,-.

Tilskotsprosenten er 50% som gjev eit tilskot på kr.37000,- til tiltaket.

Tiltaket er i samsvar med stretegien for bruk av SMIL. Gjennom området går gamle vegfar, bekkeløp og stiar. Det vil vere fint at området vert teke i bruk til beite for sau.

Vedtak:

Søknaden er handsama etter § 8 i forskrifta og det er løyvd inntil kr 37.000,- Dette beløpet utgjer eit eingongstilskot. Frist for gjennomføring av tiltaket vert sett til 1.november 2020.

Klagerett :



Vedtaket kan påklagast jfr forvaltningslova §§ 28 og 29. Klagen sendast kommunen som vurderer om klagen vert teke til følge. Dersom kommunen ikkje tek klagen til følge skal den sendast vidare til fylkesmannen med ein uttale. Fylkesmannen fattar endeleg vedtak i klagesaka.

Generelt om løyving av SMIL – midlar :

- Frist for gjennomføring er generelt 3 år viss ikkje det er sett ein spesifikk dato i vedtaket. Men det kan søkjast om utsetjing av arbeidsfristen utifrå grunngjeving, seinast 1 måned før fristen går ut. Men ikkje utover 5 år frå tilskotet vart løyvd. Løyvd tilskot kan trekkjast attende heilt eller delvis dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for ordninga jfr § 10 i forskrifta om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Utbetaling av tilskot:

- Utbetaling av tilskot skjer etter skriftleg oppmoding frå søkjar (saldokort) og når tiltaket har fått godkjent sluttregneskapet. Det kan også gjerast delutbetaling på bakgrunn av godkjent dokumentasjon etter kvart som delar av tiltaket er utført. Minst 25 % av tilskotet vert halde tilbake inntil arbeidet er fullført og sluttregneskap er godkjent.
- I søknad om sluttutbetaling skal det leggjast ved regneskap med timelister for eige og leigd arbeid, fakturaer for innkjøpt materialer og gjerne fotodokumentasjon.
- **Til utbetaling vil konto 1204 24 26359 verta nytta. Søkjar pliktar å informera skriftleg om endring av kontonummer.**

Kommunen si rolle i gjennomføring av tilskotsordninga:

- Kommunen gjer vedtak og orienterer Fylkesmannen si landbruksavdeling om løyvinga.
- Førespurnad om delutbetaling eller sluttutbetaling skal rettast til kommunen.
- Søknad om utsetjing av arbeidsfrist skal rettast til kommunen. Det er viktig at ein søker om utsetjing i god tid før fristen går ut, minimum ein måned.

Kontroll:

- Kommunen tek synfaring og godkjenner etter at arbeidet er gjort etter planen.
- Fylkesmannen si landbruksavdeling kan også foreta synfaring på ferdige tiltak. De vil i såfall verta varsla på førehand.
- Kommunen, Fylkesmannen eller Riksrevisjonen kan krevja naudsynte opplysningar og kontrollera at bruken av tilskotsmidlane er i tråd med føresetnadane. Jfr § 9 i forskrifta

Med helsing

Kjartan Nyhammer
landbrukssjef

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

BERGEN

Mottakrar:

Bernt Ole Fiskeseth

Fiskeset 34

5912

SEIM